

Utdanningsdirektoratet  
Postboks 9359 Grønland  
0135 Oslo

Dykkar ref  
2010/4030

Vår ref  
2001005356

Dato  
08.02.12

## Revidering av norskfaget

Språk er det viktigaste verktøyet vi har for å tileigne oss kunnskap og for å kommunisere med omverda. I oppdrag 42-10 om mellom anna utarbeiding av ny og revidert læreplan i norsk, la difor departementet vekt på språklærings- og språkutviklingsperspektivet for å auke lese- og skrivekompetansen til elevane og styrkje dei grunnleggjande munnlege og skriftlege dugleikane.

Motivasjon og meistring er føresetnader for god læring, og elevane må oppleve opplæringa som relevant. Difor må kompetansemåla tydeleggjere språkkompetansen alle elevar skal oppnå i hovudmål og i sidemål. Det skal mellom anna vurderast om kompetansekrava til skriftleg hovudmål og sidemål kan vere ulike. Samstundes må den reviderte læreplanen ha ein god balanse mellom dette og tileigning av anna kunnskap. Revideringa skal ikkje innebere ei svekking av det faglege nivået. Departementet vil ta stilling til forslag i høyringsrunden.

Departementet legg til grunn at alle elevar skal lese eit auka omfang av tekster på nynorsk i heile grunnopplæringa, og at det framleis skal vere opplæring i skriftleg sidemål på ungdomstrinnet og i den vidaregåande opplæringa, studieførebuande utdanningsprogram.

Norsk er eit danningsfag og viktig med omsyn til kulturarv, språkhistorie og identitet. Departementet meiner difor det er viktig at læreplanen framleis legg vekt på nynorsk sin plass i norsk kultur- og samfunnsliv. I formålet for norskfaget må direktoratet òg grunngi kvifor opplæring i sidemål og kunnskap om nynorsk er viktig for alle elevar.

Ein må sjå alle endringar i læreplanen i samanheng med vurderings- og eksamensordninga i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Saman med framlegg om endringar i læreplanen, blir difor forslag knytt til vurderings- og eksamensordninga ein viktig del av drøftingane i direktoratet sitt høyringsbrev hausten 2012. Vi legg til grunn at direktoratet vurderer alle faglege innspel i arbeidet med høyringsutkastet, og vi ønskjer mellom anna at forslaget frå Forum for norskfaget vert utgreidd nærare.

Med dette som bakgrunn viser departementet til brevet frå Utdanningsdirektoratet av 19. januar 2012, og ber direktoratet om å utarbeide høyringsutkast til læreplan i norsk. Departementet vil etter det ta stilling til forslaga til endring.

Departementet vil leggje til at vi er uroa over at stadig fleire elevar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål undervegs i opplæringa. Vi ønskjer difor å styrkje nynorsk som hovudmål. Direktoratet og Nynorsksenteret m. fl. vil bli inviterte til å vere med i ei ressursgruppe for å diskutere ulike tiltak som kan snu denne utviklinga.

Med helsing

Johan Raaum (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Sidsel Sparre  
avdelingsdirektør